



Personvernerklæring

Denne personvernerklæringa gir informasjon til våre innbyggjarar og andre som mottar våre tenester om korleis kommunen behandlar personopplysningar som blir innhenta og kva rettigheter dei registrerte har. Personvernerklæringa er utarbeid med grunnlag i bestemmelsene i ny personopplysningslov som trer i kraft 20. juli 2018 og EU sin personvernforordning.

1. Behandlingsansvarleg

Bokn kommune ved rådmann er behandlingsansvarleg for personopplysningar som blir samla inn. Sjølv om det daglege ansvar for behandlinga er delegert til virksomhetsleiar/einheitsleiar vil dette gjelde kun oppgåvene og ikkje ansvaret som rådmannen har. Dersom andre behandlar opplysningar for Bokn kommune er dette avtalt i ein databehandlaravtale mellom verksemda og Bokn kommune. Det er behandlingsansvarlig (rådmannen) som bestemmer formålet med behandling av personopplysningar og kva hjelpemidlar som skal brukast. Behandlingsansvarlig er også ansvarlig for at personopplysningsloven blir fulgt.

2. Kva er formålet med behandlinga?

Bokn kommune behandlar personopplysningar for å kunne 1) tilby lovpålagte tenester (t.d. elektronisk pasientjournal/ eksamen) eller 2) for å kunne tilby elektroniske skjema eller tenester til innbyggerane. Det blir berre innhenta opplysningar som er nødvendige for å kunne yte tenester til innbyggerane.

3. Rettsleg grunnlag

Det er normalt fastsett i lov eller forskrift kva som er rettsleg grunnlag for behandling av personopplysningar. Bokn kommune har oversikter over kva opplysningar som er samla inn og kva formål opplysningane skal nyttas til.

I dei tilfella det ikkje føreligg lovhjemmel for behandling må det samtykke eller avtale til for at kommunen skal kunne behandle opplysningane dine. Dette samtykke kan når som helst bli trukket tilbake av deg. Personopplysningane vil bli sletta når formålet med behandlinga er oppfylt, dersom ikkje anna lovgivning (t.d. arkivloven) seier at dei skal oppbevarast.

I dei tilfella kommunen har lovhjemmel for å samla inn og bruka personopplysningane dine utan å spør etter samtykke, har du (den registrerte) likevel sentrale rettigheter. Les meir om dette i personvernerklæringa sitt pkt. 8.

4. Kva for nokre personopplysningar blir behandla?

Ein **vanleg** personopplysning er ein opplysning eller vurdering som kan knyttast til deg som einskildperson, t.d. namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse, og fødselsnummer (både fødselsdato og personnummer).

Sensitive personopplysningar er opplysningar om 1) rasemessig eller etnisk bakgrunn, 2) eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning, 3) at ein person har vore



Personvernerklæring

mistenkt, sikta, tiltalt eller dømt for ein straffbar handling, 4) helseforhold, 5) seksuelle forhold eller 6) medlemskap i fagforeiningar.

5. Kor kjem personopplysninga frå?

Bokn kommune behandlar personopplysningar som er henta frå nasjonale register, (t.d. Folkeregisteret, Einingsregistret), registrer som blir oppretta av brukaren sjølv (t.d. ved søknad om stilling) eller frå register som kommunen sjølv opprettar (t.d. lister over brukarar av eit system).

6. Er det frivillig å gi frå seg personopplysningar?

I dei høve der Bokn kommune utfører lovpålagte tenester (t.d. vaksinasjon, helsetenester, oppmelding til eksamen/ nasjonale prøvar) er det ikkje frivillig å gi frå seg opplysningar.

Det skal gå klart fram når kommune ber om frivillig registrering av personopplysningar, og innbyggjaren skal bli informert om at det er frivillig å gi frå seg slik informasjon. Bokn kommune vil ikkje be om informasjon som er ikkje er naudsynt for at kommunen skal kunne levere tenester.

7. Utlevering av personopplysningar til andre

Bokn kommune utlevere i nokre samanhengar personopplysningar til andre. Dømer på dette er opptak til vidaregåande skule, lovpålagte registreringar knytta til utdanning, helsetenester, lønn, NAV med vidare.

Bokn kommune leverer ikkje ut personopplysningar til såkalla kommersielle føremål, t.d. for at firma skal kunne selje reklame til innbyggjaren.

8. Rettar

Alle som spør har, etter personopplysningslovens § 18, 1. ledd, rett på grunnleggande informasjon om behandling av personopplysningar i Bokn kommune. Bokn kommune har gitt denne informasjonen i denne erklæringa, og vil vise til den ved eventuelle førespurnader. Dei som er registrert i eit av Bokn kommune sine system har rett på innsyn i egne opplysningar. Vedkommande har også rett til å be om at uriktige, ufullstendige eller opplysningar Bokn kommune ikkje har rett til å behandle blir retta, slettet eller supplert. Krav frå den registrerte skal svarast på kostnadsfritt og seinast innan 30 dagar.

9. Korleis blir opplysningane sikra?

Bokn kommune har internkontrolldokument som styrer handtering av informasjon i kommunen. Det er rutinar for sikring i tråd med Datatilsynet sine anbefalingar for intern og sikker sone.

Kommunen bruker tilgangsstyring for å sikre at kun dei med såkalla tenestemessig (for å kunne utføre arbeid og tilby tenester) behov har tilgang til personopplysningar. Kommune har regelmessig ekstern testing av nettverkstryggleik.



10. Kontaktinformasjon

Bokn kommune v/ personombud Gro A. Sørensen
Boknatunvegen 37
5561 Bokn

Telefon: +47 52 75 25 00
E-post: post@bokn.kommune.no
Nettstad: <https://bokn.kommune.no>